

Etablering av OU-funksjon for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)

Saksnr.	Utvalsnamn	Møtedato
18/20	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	26.02.2020

Saksbehandlar: Spesialrådgjevar Helge Ristesund
Arkivreferanse: 2020/72

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek mandat *OU SNR 2024*, datert 18.02.20 til orientering.

Ålesund, 18.02.20

Øyvind Bakke
adm. direktør

Saksutgreiing:

1. Formål med styresaka

Organisasjonsutvikling (OU) er kontinuerleg arbeid for å betre organisasjonen si evne til å handtere endringar både i og utanfor organisasjonen. Organisasjonane sine evner til fornying står sentralt i dette arbeidet, og medverknad frå tilsette og samarbeidspartnarar er avgjerande.

Hensikta med OU-arbeid er å auke verdiskapinga. På den måten sikrar ein ønska utvikling og at organisasjonen når sine vedtekne mål.

Helse Møre og Romsdal (HMR) er i ferd med å realisere SNR som skal sikre befolkninga på Nordmøre og Romsdal spesialisthelsetenester med høg fagleg kvalitet. I medhald til vedtekne planar skal bygginga av akuttsjukehuset på Hjelset starte ultimo 2020 og full drifta ved sjukehuset er planlagt frå 1. mai 2024.

For å kunne hente ut forventa faglege og driftsøkonomiske effektar av SNR, må det parallelt med bygginga skje organisasjonsutvikling som sikrar at tilsette kan drive etter dei prinsipp og bruke den teknologi som er planlagt i SNR.

Føremålet med denne saka er å etablere ein OU-funksjon SNR. Den funksjonen skal saman med linjeleiinga sikra både gevinstrealisering og bidra til å bygge ein felles organisasjonskultur mellom noverande Molde og Kristiansund sjukehus.

2. Styresaka i korte trekk

Fokuset i klinikkane har dei siste åra vore prega av økonomiske utfordringane. Utviklingsorganisasjonen SNR har prioritert arbeidet med å tilpasse akuttsjukehuset til vedteken styringsramme. I denne situasjonen er OU generelt og OU knytt til SNR spesielt prega av at klinikkane har kome ulikt i dette arbeidet. Dette utviklingsarbeidet vert etterspurt av tilsette.

Føresetnaden for å kunne realisere gevinstane som er vedtekne for SNR, er at involvert personell vert sett i stand til å arbeide etter dei driftsformene som er lagt til grunn i planlegginga av SNR. Dette gjeld spesielt nye arbeidsprosessar, heilskaplege pasientforløp, bruk av IKT (inkl. Helseplattformen), bruk av nytt medisinsk teknisk utstyr og samhandling med kommunane. Til grunn for dette ligg etablering av felles fagmiljø og organisasjonskultur mellom noverande Molde og Kristiansund sjukehus.

3. Vedlegg til saken

- Mandat – OU SNR 2024, datert 18.02.20

4. Administrerande direktør si vurdering

Adm. direktør vurderer at OU SNR så langt har vore for lite strukturert og variert mellom klinikkane. For å sikre at HMR oppnår forventa gevinstar ved drift av SNR, må dette viktige OU-arbeidet strukturast betre og det må øyremerkast ressursar til å leie og fasilitere dette arbeidet.

For å sikre framdrift i OU SNR, vil adm. direktør omgåande etablere ein eigen OU-funksjon. OU SNR vil vere koordinert opp imot Helseplattformen og aktuelle forbetningsprogram i HMR. Involvering av tilsette, tillitsvalde og vernetenesta er avgjerande for å lukkast, og dei delane av OU-arbeidet SNR som er aktuelt for resten av HMR må breddast til heile helseføretaket.

Adm. direktør vil før sommaren legge fram ein heilskapleg prosjektplan for alle fagområder inkl. føden. OU-arbeidet for SNR må tilpassast og samordnast med denne samla planen.